

# Helgedagen


KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

NR. 2 - april 2011 43. årg.




Fokus på Ungkyrkja

side 4



Time kyrkjelyd sitt misjonsprosjekt

side 6



Glasmaleri i Bryne kyrkje

side 8

## Bryne - Time - Undheim sokn

**Kyrkjekontoret** tlf. 51 77 03 77  
 Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00-14:00  
 heimeside: <http://www.time-kyrkja.no>  
 e-post adresse: [kyrkjekontoret@time-kyrkja.no](mailto:kyrkjekontoret@time-kyrkja.no)  
 telefaks tlf. 51 77 03 60  
 Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4349 Bryne  
 Prost: Kjell Børge Tjemsland tlf. 416 38 048  
 Sokneprest: Stein Ødegård tlf. 911 57 105  
 Prostiprest: Gunnar Frøyland tlf. 958 73 847  
 Kateket: Ingfrid Time Nærland tlf. 51 48 40 69  
 Diakon: Ann Iren Tjelta Ravndal tlf. 958 95 585  
 Diakon: Marit Høie Hetland tlf. 911 63 039  
 Sekretær Bryne sokneråd:  
 Elisabeth Obrestad tlf. 51 77 03 64  
 Sekretær Time sokneråd:  
 Elisabeth Obrestad tlf. 51 77 03 64  
 Sekretær Undheim sokneråd:  
 Herdis Lindal tlf. 480 27 304  
 Sekretær: Kari W. Ødegaard tlf. 51 77 03 77  
 Sekretær: Siri Vik tlf. 51 77 03 76  
 Kyrkjeveerje: Olav Vegard Søyland tlf. 909 42 304  
 Konsulent: Tor Aase tlf. 51 48 34 82  
 Prosjektleiartrusoppplæring:  
 Jorunn M. Ueland tlf. 51 48 85 10

**Time** tlf. 51 48 32 84  
 Organist: Oddny Underhaug tlf. 51 48 25 31  
 Kyrkjetenar: Alf Einar Weseth tlf. 996 19 121  
 Soknerådsleiar: Amund Undheim tlf. 51 48 43 09  
 Klokkar: Sofie Braut  
 Time kyrkjegard tlf. 51 48 32 84

**Bryne**  
 Kyrkjelydsprest: Leif Oscar Reiestad tlf. 412 72 862  
 Kyrkjetenar: Alf Einar Weseth tlf. 996 19 121  
 Organist: Per Olav Egeland tlf. 51 48 66 68  
 Klokkar: Leif Andenes  
 Soknerådsleiar: Ruth Stabel Berg tlf. 938 31 623  
 Barne- og ungdomsarbeidar:  
 Jorunn Pettersen tlf. 51 77 03 72  
 Lye forsamlingshus  
 Heimeside <http://www.lyeforsamlingshus.no>  
 Ungdomsprest: Ole Tørring tlf. 951 78 971  
 Leiar forsamlingsstyret: Vegard Hanssen tlf. 404 01 214

**Undheim** tlf. 51 48 68 20  
 Prest: Per Børge Hillestad tlf. 934 42 919  
 Kyrkjetenar: Hans Undheim tlf. 51 48 45 55  
 Soknerådsleiar:  
 Kåre Sigurd Undheim tlf. 51 48 43 07  
 Undheim kapell tlf. 51 48 68 20

Besøk vår nettside:  
[www.time-kyrkja.no](http://www.time-kyrkja.no)  
 e-post:  
[helgedagen@time-kyrkja.no](mailto:helgedagen@time-kyrkja.no)

Framsida: Påskenattsfeiring i Time kyrkje. Foto: Jorunn Erga Steinsland, Jærbladet

## Helgedagen

Utgitt av Time kyrkjelege fellesråd.

Redaksjon: Else-Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Gunnar Frøyland og Gabriel Tengsareid. Layout: Gabriel Tengsareid og Jærprint.  
 Trykk: Jærprint. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 3212 20 24589. Merk innbetalinga med Helgedagen. Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til [gabriel.tengsareid@lyse.net](mailto:gabriel.tengsareid@lyse.net) og må vera oss i hende innan 20. mai. Neste nr. kjem ut ca. 7. juni. Ver vennleg å senda stoff til Helgedagen innan fristen.

## Til ettertanke

### Påskelys

Jesus som sa "eg er lyset for verda" (Joh 8,12), har ved mange høve vist at alt som dreier seg om han, er representert ved lys. Då han vart fødd i Betlehem, opplevde gjetarane at "Herrens herlegdom lyste kringom dei" (Luk 2,9). Då Jesus vart forklara for Peter, Jakob og Johannes, skjedde det at "andletet hans skein som sola, og kleda vart kvite som lyset" (Matt 17,2). Ved oppstoda høyrer me også at engelen som velta steinen frå grava "var som lynet å sjå til, og kleda hans var kvite som snø" (Matt 28,3). Og då Jesus møtte Saulus på vegen til Damaskus, "stråla det brått eit lys frå himmelen ikring han".

Kristus er lys. Og dei som har vore i nærleiken av Kristus, er prega av lyset. For han som er den oppstadne, skaper lys i våre hjarte. Langfredagens mørke, som går over til påskedagens oppstode og lys, gjer at det same lyset skin også for oss i vår verd og i våre hjarte.

Den kanskje sterkaste påskeopplevinga eg har hatt til no, var i Kina. Eg var i Hunan provins, der eg vitja medarbeidarar i det kyrkjelege arbeidet der Det norske misjonsselskap (NMS) i si tid arbeidde. Frå provinshovudstaden Changsha reiste me ned til byen Yiyang påskeaftan i pøsande regn. Sjølv om det var midt på dagen, var det tungt og mørkt ute. Me gjekk tidleg til sengs den påskeaftan og rulla ned blendingsgardinet. Påskedagmorgon famla eg meg fram til vindauga. I det eg rulla opp blendingsgardinet, slo eit intenst lys mot meg. Sola skein rett inn frå knallblå himmel. Solstrålene gjekk samstundes



Kjell Børge Tjemsland

gjennom millionar av vassdråpar på det enorme tuntreet. Dei skein intenst mot meg i alle regnbogens fargar. Det var som eit syn ovanfrå. Eg måtte skjerma augo mot dette intense lyset. For ei fantastisk oppleving på påskedagmorgonen, ei estetisk vakker oppleving, men endå meir eit syn som drog tankane mine til Jesu oppstode og påskedagen sitt lys og glede. Eg vart fylt med stor takksemnd for gleda og håpet Jesu oppstode har gjeve oss.

Sterkt var det då me etter å ha kome tilbake til Changsha, kunne delta på påskedaggudstenesta. I kyrkja gledde me oss saman med kyrkjelyden over at åtte personar vart døypte. Sanneleg, lyset skin i mørket, og me får lov til å ta imot det.

Kvar sundag feirar me Jesu oppstode. Lyset møter me i Guds ord, i gudstenesta og i møte med nesten vår. Også når born, unge og vaksne vert døypte, vert lyset tent i nye hjarte. "Kristus er lyset for verda" seier vi i det eit dåpslys vert tent i globen.

Jesus lever, og han er lyset som skin og gjev oss håp og framtid. Samstundes seier han: "De er lyset i verda". Difor, kom til gudstenestene i din kyrkjelyd i påsken. Då vil du få sjå meir av Han som er Lyset, og ver du sjølv eit lys for andre.

Ei velsigna og god påske til kvar einskild.

Kjell Børge Tjemsland  
 Prost

## Mi Salme

### Gud signe vårt dyre fedreland

*Gud signe vårt dyre fedreland  
 og lat det som hagen bløma  
 Lat lysa din fred frå fjell til strand  
 og vetter for vårsol røma!  
 Lat folket som brøder saman bu,  
 som kristne det kan seg søma!*

*Vårt heimland i mørker lenge låg,  
 og vankunna ljuset gøynde.  
 Men, Gud, du i nåde til oss såg,  
 din kjærleik oss ikkje gløynde;  
 Du sende ditt ord til Noregs fjell,  
 og ljøs over landet strøynde.*

*Og Noreg det ligg vel langt mot nord,  
 og vetteren varer lenge;  
 men ljuset og livet i ditt ord  
 det ingen kan setja stenge.  
 Om fjellet er høgt og dalen trong,  
 ditt ord har då her sitt gjenge.*

*Så blønde vårt land i ljøs og fred,  
 det grodde så grønt i lider.  
 Men atter seig natt på landet ned  
 med trældom og tunge tider.  
 Og folket det sukka etter ljøs,  
 og du lyste opp om sider.*

*Og morgonen rann, og mørket kvarv,  
 som lenge vår lukka skygde.  
 Du atter oss gav vår fridoms arv  
 og honom i trengsla trygde  
 Du verna vårt folk og gav oss fred,  
 og landet med lov me bygde.*

*Vil Gud ikkje vera bygningsmann,  
 me fåfengt på huset byggja.  
 Vil Gud ikkje verja by og land,  
 kan vaktmann oss ikkje tryggja.  
 Så vakta oss, Gud, så me kan bu  
 i heimen med fred og hyggja!*

*No er det i Noreg atter dag  
 med vårsol og song i skogen.  
 Om sædet enn gror på ymist lag,  
 det brydder då etter pløgen.  
 Så signe då Gud det gode såd,  
 til groren ein gong er mogen!*

Elias Blix



Per Otto Haarr

### Mi salme er:

*Gud signe vårt dyre fedreland,  
 og lat det som hagen bløma.  
 Lat lysa din fred frå fjell til strand  
 og vetter for vårsol røma.  
 Lat folket som brøder saman bu,  
 som kristne det kan seg søma.*

For meg er særleg vers 6:  
*Vil Gud ikkje vera bygningsmann,  
 me fåfengt på huset byggja.  
 Vil Gud ikkje verja by og land,  
 kan vaktmann oss ikkje tryggja.  
 Så vakta oss Gud så me kan bu  
 i heimen med fred og hyggja.*

Salma er skriven av Elias Blix frå Gilde-  
 skål i Nordland i 1890. Han var profes-  
 sor i hebraisk på universitetet i Oslo.

Per Otto Haarr

Han hadde eit avgjort kristent livssyn og var kjend som salmediktar og bibel-oversetjar.

Blix var hovudmannen bak den første nynorske omsetjinga av Det nye testamente

På universitetet i Oslo var han i ein åndeleg kamp og måtte heim til Nordland for å få påfyll.

For meg talar salma om at Gud vernar oss, og at han har ein kjærleik til oss som ikkje blir gløynd. Det gjeld og om fjellet er høgt og dalen trong, me kan bu i heimen med fred og hyggja.



### Blix-året

24. februar var det 175 år sidan salmediktaren, teologen, bibelomsetjaren, professoren, statsråden og målmannen Elias Blix vart fødd på Sandhornøy i Gilde-skål. Blix-året vert feira gjennom heile 2011.

# Fokus på Ungkyrkja



Førebuingar til kvelden



Minestrone-suppe er i gode hender

Ein torsdagskveld tidleg i februar får Helgedagen vera med på ein del av Ungkyrkja si samling. Trimgruppa held til på Rosseland skule, så dei fekk diverre ikkje besøk denne gongen.

Dei første kjem tidleg og riggar til. Her er ein triveleg tone, og det er tydeleg at dette går greitt unna. Leif Oscar Reiestad har ansvar her, og han hjelper til når det manglar ein skøyteleidning eller anna som trengs for å få sving på sakene.

Me går etter lyden og finn musikk-gruppa i god gang. Vaksenleiarane fortel at bandet skal vera med på konfirmantfesten søndagen etter. Musikantane og vokalisten har såleis ikkje så lang tid på seg før dei skal ha framføringa si. Innsatsen er stor, så dette må bli bra!

Teknikarane er få denne kvelden, berre to. Men dei ventar på meir utstyr, så då vert det plass til fleire, smiler Øystein og Jens.

God matlukt fører oss til kjøkkenet der matgruppa held til. Her skal det bli Minestrone-suppe seinare på kvelden, fortel leiarane. Upåklageleg innsats her også, så det er synd å måtta forlata kjøkkenet før maten er ferdig.

Flotte bilete saman med god musikk møter oss i peisestova. Fotogruppa har freelancefotograf Ingeborg Skrudland med seg, og dei held på med temaet "Forsoning". Deltakarane i gruppa har fotografert, og nå set dei alle bileta saman og "fyller på" med musikk. På den store skjermen kan alle samstundes sjå bileta og vera med i prosessen. Dei er kreative!

Etter desse gruppene er det samling med andakt eller ungdomsgudsteneste. Så opnar kaféen, og der er det då sal av det kjøkkengruppa har produsert.

På spørsmål om korleis det er med rekrutteringa, svarar Reiestad at nye ungdommar kjem til gjennom venner. Nå møter mellom 20 og 30 unge. Dei har eit demokratisk valt styre, der ungdommar frå vidaregåande skule får leiaroppgåver. Her er mange som dreg lasset saman.

I tillegg til gruppesamlingar i kyrkja har dei ein helgetur i halvåret, har karneval, reiser på bowling og finn på andre aktivitetar saman.

Ung på Bryne? Prøv Ungkyrkja!

Tekst og bilete:LHH



Teknikar på vent!



Øving til konfirmantfest



Utstyr på veg til idrettsgruppa på Rosseland



Et sted for frihet og forandring

Et samarbeid mellom Bethania-stiftelsen, Diakonova og Normisjon

**TRENGER DU NOEN Å SNAKKE MED?**

Samtaler kan avtales på tlf.: 467 46 670

eller mail: [fermanterogaland@emmaus.no](mailto:fermanterogaland@emmaus.no)

Besøksadresse: Hoveveien 38, Sandnes

[www.fermanterogaland.no](http://www.fermanterogaland.no)

Gi til NMS – få skattefradrag!



Det Norske Misjonsselskap

BROBYGGER I ORD OG HANDLING

Konto: 8220 02 85030 • Tlf: 51 51 61 00 • [www.nms.no](http://www.nms.no)



## FRETEX

Vi gir folk grunn til å tro på framtiden

### Fretex Butikksalg

Meierigata 17, 4340 Bryne

Tlf. 51 48 56 50 - [www.fretex.no](http://www.fretex.no)

Opningstider:

mandag/fredag kl. 10.00 - 18.00    lørdag kl. 10.00 - 15.00



Nærradioen med godt nytt

Tryggheimsvegen 13, 4365 Nærbø, Tlf.: 51 43 32 22

Sender på

FM 103.5 - 106.3 - 106.6 - 107.9

Sendetider

Mandag: 08.30 - 09.00/17.30 - 18.00

Tirsdag: 08.30 - 09.00

Onsdag: 08.30 - 09.00/17.30 - 18.00  
19.30 - 21.00

Torsdag: 08.30 - 09.00/21.00 - 21.45

Fredag: 08.30 - 09.00/21.00 - 21.45

Jesus Kristus  
er i går og i dag  
den samme, ja  
til evig tid.

Hebr. 13,8.

Time kyrkjelyd sitt misjonsprosjekt:

## Landsbyutvikling i Bara på Madagaskar

**Gjennom forbøn og to årlege ofringar støttar Time kyrkjelyd eit program for landsbyutvikling i Bara-regionen på Madagaskar.**



Betre helse, betre landbruk, betre husdyrhald, betre undervisning og betre miljø er målet for arbeidet. For å få dette til er det viktig at lokalbefolkninga blir tatt med i planlegging, gjennomføring og eigarskap.

Det siste året har det vore jobba med rutinar for administrasjon og økonomistyring, og medarbeidarane har fått opplæring i å gjera gode forundersøkingar før eit prosjekt vert starta. Godt førearbeid gjer det lettare å finna rette tiltak og måla resultat av arbeidet. Kommunikasjon med lokale innbyggjarar er viktig. Ikkje minst er det lagt vekt på at kvinner får fremja sitt syn før ein går i gang med nytt arbeid.

Etter nøye planlegging er det no klart for å setja i gang arbeid på to nye stader.

**Bara:** I Bara er fokus på helse, undervisning, jordbruk og husdyrhald. Baraene er eit kvegfolk. Registrering av jordeigedommar er også viktig for å unngå nabo tvistar og sikre ei berekraftig forvaltning av jorda. Det blei starta nytt arbeid i to nye område i 2010.

Det vert jobba hardt med å læra opp frivillige medarbeidarar på bygda. Desse medarbeidarane får ikkje løn, men dei får konkrete oppgåver, opplæring, reiskap og materiell. Dei får ei lita påskjøning for resultat dei har nådd. Dei frivillige vert kalla FANILO-agentar. Desse underviser i lesing og skriving og skogplanting. Undervisning av kvinner er prioritert, og sist år har 380 kvinner avslutta lese- og skriveopplæring. Dette er berekraftig utvikling.

Gunnar Frøyland



## Kirkens Nødhjelps Fasteaksjon

*Tysdag 12. april går konfirmantar, konfirmantforeldre og andre frivillige frå kyrkje-lydane i Time med bøsse. Kirkens Nødhjelps fasteaksjon 2011 set søkjelyset på økonomisk rettferd.*

### For to år sidan fekk mamma lån til å starte ei grønsaksbu, fekk Yohana (14) eit heilt nytt liv.

Yohana (14) er i si eiga verd medan han traskar ved sida av mor si. Det er tidleg, og han er trøtt. Dei skal gå langt for å hente grøn-saker til bua på torget. – Eg hjelper mamma med jobben morgon og kveld. Det er ei glede. Ho gir meg skulepengar, slik at eg kan få utdanning, fortel Yohana. Han bur saman med mor si og tre søsken i landsbyen Chunya i Tanzania. For to år sidan vart mora med i ei VICOBA-gruppe gjennom Kirkens Nødhjelp. – Då vart livet betre. No har vi råd til mat, klede og skule, fortel den unge guten.

VICOBA (Village Community Banks) er spare- og lånegrupper der medlemmene sparer små beløp kvar månad. Pengane blir samla i ein pott, og medlemmene får høve til å ta opp smålån for å investere i inntektsgivande arbeid og ei betre framtid.– Vi starta arbeidet med VICOBA i 2006 Kirkens Nødhjelp støttar VICOBA-gruppene med opplæring i tillegg til bankboksar og anna materiell. – Eg blir stadig imponert av menneske som ikkje har hatt ressursar til å gjere noko ut av livet sitt, som no reiser seg på VICOBA-møta og fortel om at dei kan halde barna i skulen, om at dei har skapt seg eit levebrød, og at dei tener pengar fortel Walalaze.

Mange VICOBA-grupper har møta sine i kyrkja, sjølv om VICOBA er eit prosjekt på tvers av religionar.

Over ein milliard menneske lever i ekstrem fattigdom. Urettferd tek menneskeliv kvar dag. I år set Kirkens Nødhjelps fasteaksjon søkjelyset på økonomisk rettferd. Saman kan vi kjempe for ei framtid utan fattigdom.

**Ta godt imot bøsseberarane frå kyrkjelydane i Time når dei bankar på døra di 12. april! Du kan og støtte aksjonen gjennom givartelefon: 820 44 088 (200 kroner), sms til 2090 (100 kroner) eller via kontonummer 1594.22.87493**

Konfirmantane i Bryne, Time og Undheim sokn samla inn kr. 148 162,50 i dør til dør aksjonen i 2010. Det var ny rekord.

## Kyrkjevalet 2011

### Nominasjonsarbeidet

Sokneråda har oppnemnd nominasjonsnemnder som er i full gang med å setja opp framlegg til vallister for soknerådsvalet til hausten. Det er viktig at listene får mange kandidatar, og at kandidatane har god spreing både når det gjeld alder, kjønn og geografi. Slik vert lista du skal bruka representativ for heile soknet. For at dette skal lukkast, er det viktig at dei som vert spurde om å stå på listene, er positive og strekkjer seg langt for å kunne seia ja til dette. Vert ein så innvald, får ein spennande utfordringar om å vera med på å byggja kyrkjelyden sin.

### Alternative lister

Ver merksam på at i tillegg til den lista nominasjonsnemnda legg fram til soknerådsvalet, er det for alle medlemmer av Den norske kyrkja som har røysterett, høve til å leggja fram alternative lister. Kravet for at slike lister skal kunne godkjennast, er fylgjande:

- Listeforslaget skal vera underskrive av 10 forslagsstillarar med røysterett.
- Det skal gå tydeleg fram av forslaget at dette er ei liste til soknerådsvalet i XXX sokn, og over namna på kandidatane skal det stå namna på forslagsstillarane.
- Ein av forslagsstillarane skal peikast ut som kontaktperson for valstyret (soknerådet).
- Kandidatane må førast opp med fullt namn (føre-, mellom- og etternamn) og med alder.
- Lista skal setjast opp i prioritert rekkjefylgje.
- Lista bør ha minst 40% representasjon av kvart kjønn, og lista bør ha med minst 20% ungdom under 30 år.

### Innleveringsfristar

Både for nominasjonsnemnda sitt listeforslag og for alternative lister gjeld at desse må leverast valstyret (soknerådet) innan 1. mai. Valstyret skal så godkjenna listene innan 8. mai. Listeforslag som er innleverte til valstyret og godkjende, kan ikkje etterpå trekkjast tilbake.

Olav Vegard Søyland  
Kyrkjeverje

## Glasmaleriet i Bryne kyrkje – omvisning/meditasjon

Bryne kyrkje har fått eit unikt kunstverk i Per Odd Aarrestad sitt glasmaleri i fondveggen. På gudstenester og opne samlingar i kyrkja kan alle som ønskjer det, nå la kunsten begeistra og leggja sitt skiftande fargespel til tolkning av livet, trua og samlingane sitt innhald.

I tillegg trur me det kan vera interesse for å få meir organiserte omvisningar eller andaktsmeditasjonar i lyset frå glasmaleriet. Så dette er ein invitasjon til alle slags lag og foreiningar i kommunen. Vil du vita meir om maleriet? Vil du spe på dine tolkingar av symbolikken ved hjelp av andre sine ord og tolkingar? Vil du finna stille ro i eit annleis rom der unik kunst og unike liv får møtast?

Konkret ser me føre oss to ulike opplegg på om lag ein halvtime:


1. Uformell omvisning
2. Glaskunstmeditasjon med informasjon, ord og orgelmusikk til ettertanke om enkelte hovudmotiv i kunstverket.

Meld interesse til [stein@time-kyrkja.no](mailto:stein@time-kyrkja.no) / sms til 91157105 eller [organist@time-kyrkja.no](mailto:organist@time-kyrkja.no) / sms til 90018708.

Kvifor ikkje leggja eit kyrkjebesøk som del av ei samling, ein gruppekveld, eit lagsmøte, ein tur på byen e.l? I sommarhalvåret er kveldslyset fint, i vinterhalvåret må me bruka dagtid.

Stein Ødegård

Fotomontasje: Frank Bjørnø



## Lyset kjem til oss

Salme til Per Odd Aarrestad sin glaskunst i fondveggen i Bryne kyrkje.  
Tekst: Stein Ødegård. Melodi: irsk folketone ("Deg å få skoda". NoS 479)

1 Lyset kjem til oss i fargar og glas  
Kyrkja er pryda og kledd i ny stas  
Lyset vil nå oss med regnbogeglans,  
by opp til tru og liv i ein rik fargedans

2 Vakna til dagen og sovna mot natt:  
Livet sin rytme og glaskunstens skatt.  
Lys meg inn i dagen med arbeid og leik.  
Send meg til kvile når kveldsglød blir bleik.

3 La meg få sjå deg i trekanta kor.  
Gud, du er tre-einig, mektig og stor.  
Fader, Son og Ande, til oss går din veg.  
Lyset ditt strålar og dreg oss mot deg.

4 Auga ditt ser meg med varme og lys,  
tiner bort frosten i meg når eg frys,  
jagar bort mørket for den som går vill!  
Far, i din opne famn, hører eg også til.

5 Steinen frå stranda er komen til ro,  
Kviler i handa ved korstreet no.  
La meg bli funnen og nådig bli sett.  
Kristus, din kjærleiks blod let meg koma til rett.


6 Dua som landar og søker mot jord,  
mjuknar eit hjarta og tolkar ditt ord.  
Ande, fyll segla i skipet med vind,  
la livet lokkast fram av kjærleiken din

7 La meg få undrast, trassa alt som er smått  
knela i lyset frå rødt, gult og blått,  
spegla kunst i kalken så fargane skin,  
nåden din når meg i brød og i vin.

8 La meg sjå livet i glasbrot synt fram,  
knust og sett saman or sorg og av skam.  
Fuger fangar sola, gjev form og motiv,  
smerte og nederlag får nytt perspektiv!

9 La meg få skimta gjennom glaskunst min by,  
den eg er glad i, få sjå han på ny,  
sjå han frå huset for håp og for tru,  
be Gud velsigna han, ja her vil eg bu.

10 Lyset kjem til oss frå himlen kvar dag.  
Bildet og Ordet skal spela på lag:  
Din veg til jorda blir vår veg til deg.  
Lei oss til livet på lyset sin veg. Amen.





**Årsmøte i  
Bryne kyrkjelyd  
søndag 3. april  
rett etter gudstenesta i  
Bryne kyrkje**

Middag og kaffi i peisestova etter årsmøtet  
Saker på årsmøtet vil bli kunngjorde på gud-  
stenestene i førekant

**Alle hjarteleg velkomne**

*Arr: Bryne sokneråd*



**Temakveld om sorg  
tysdag 5. april  
kl 19.30  
i Bryne kyrkje**

Sjukehusprest Leif Lie-Bjelland

“Den mangfoldige sorgen”

Det blir informasjon om sorggrupper, og det blir  
mulig å melda seg til slike grupper

**Alle er velkomne**

*Arr. Diakonane i Den norske kyrkja*

*Sandnes, Jæren og Dalane posti*

**Time kulturskule 40 år  
1971 - 2011**



I anledning kulturskuleveka  
2011 har Time kulturskule  
konsert i

**Time kyrkje  
fredag 8. april  
kl.18.00**

Lærarinnslag  
Kaffi og litt å bite i på Kyrkjetoget etterpå  
Inngangspengar kr. 30.-

**Velkommen frå bygd og by**



Ungdommane på Jæren har gått saman  
og inviterer deg til

**Påskenattsgudsteneste  
Påskeaftan 23. april kl 23.00  
Time kyrkje**

Det vert mellom anna innslag frå:

- Dramagrappa på Undheim
- Fotograppa i Ungkyrkja
- Lovsongsband frå Lye
- Dansegrappa på Frøyland
- Huskyrkjene i Bedehuskyrkja

**GUDSTENESTE OG  
PILEGRIMSVANDRING  
FELLES FOR ALLE KYRKJELYDANE  
I JÆREN PROSTI**

**2. Påskedag 25. april kl. 11.00  
vert det gudsteneste og pilegrimsvandring  
langs Kongevegen**

Me møter fram ved Stefanuskyrkja, og har ei kort guds-  
teneste der, før me går langs Kongevegen til Kristkrossen på  
Njærheim

Gudstenesta vert ved Kjell Børge Tjemsland

Pilegrimsvandringa vert leia av Thomas Peter Randulff

Turen passar også for større born og vogn


**Jærdagshelga 27. - 29. mai**

Bryne kyrkje fredag 27. mai kl. 18.00 - Konsert: Sigvart Dagsland - Pris: kr.310,-

Jærdagsscena søndag 29. mai kl. 11.00 -  
Felles gudsteneste for alle kyrkjesamfunn og kyrkjelydar i Time.



**Bryne kyrkje laurdag 28. mai kl. 19.00**



**Keltiske tonar  
Konsert med  
Kristina Jølstad Moi**



Tonstad blandakor, Hjelmeland kyrkjekor og Jærklang  
**Kristina Jølstad Moi er kjend frå konsertar, radio, TV og  
er no ute med sin tredje CD**

Pause med mat og drøp  
Inngangspengar kr. 150,-

Arrangør: Jærklang i samarbeid med Sanden Media



**AKTIVITETEN  
på SARON  
Våren 2011**

TORSDAGER KL. 19.00 - 21.00  
Fra 6. klasse annenhver torsdag

**14. april, 28. april**  
Modellflybygging og simulator, bil og elektro byggesett  
**Velkommen**

*Misjonssambandet*



**M-Aks klubben  
på SARON  
Våren 2011**

Frå første klasse og oppover.  
Kvar tysdag frå kl. 17.30 til 19.00 fram til  
03.05.2011. (Vi følgjer skuleruta og har ik-  
kje samling i skulens påskeferie)

Aktivitetar kvar veke er: sløyd (pussing, sni-  
kring, byggje ting av tre etter teikning, eller  
etter fantasien)

I oddetalsveker har vi også formingsgruppe,  
der vi bl.a lagar kort, påskepynt og maler  
på eggeglas

**Velkommen**

*Misjonssambandet*



**Bryne 9:13  
Forskjellige aktivitetar**

Andakt og kafé for 4.-7. klassetrinn  
i Bryne kyrkje kl. 17.30-19.30

**Desse dagane: 14. april, 28. april, 12. mai**



## Møte Fotland bedehus

### April

- Man 04 Guttelag
- Lør 09 Ungdomstreff
- Man 11 Bønnemøte
- Påskemøter NLM**
- Tor 21 møte
- Fre 22 møte
- Lør 23 Ungdomstreff
- Søn 24 møte
- Tir 26 forening NMS

### Mai

- Lør 07 Ungdomstreff Alle Velkomne
- Man 09 Bønnemøte
- Lør 21 Ungdomstreff
- Man 23 Bønnemøte
- Tir 31 Forening NMS

### Juni

- Lør. 04 Ungdomstreff
- Man. 06 Bønnemøte
- Lør. 18 Ungdomstreff
- Man. 20 Bønnemøte
- Tir. 28 Misjonskveld



## Aktiviteter for Lye forsamlingshus

30. mars 19.30 – 21.00	Onsdagsmøte NMS
01. april 19.00 – 20.30	Juniorkro
03. april 10.30 – 13.00	Familegudsteneste v/ Gunnar Frøyland
	Dåpsskolen deltek
03. april 15.00 – 18.00	Vårkonsert
06. april 18.00 - 21.00	Konfirmantundervisning hele huset
13. april 20.00 - 22.00	Onsdagsmøte IMF
17. april 10.30 - 13.00	Familegudsteneste v/ Stein Ødegård
	Nattverd
20. april 20.00 - 21.00	Normisjon
27. april 19.30 - 21.00	Onsdagsmøte NLM
29. april 19.00 - 20.30	Juniorkro
01. mai 10.30 - 13.00	Gudsteneste
04. mai 20.00 - 22.00	Onsdagsmøte IMF
11. mai 19.30 - 21.00	Onsdagsmøte NMS
17. mai 09.45 - 10.30	Gudsteneste
25. mai 20.00 - 22.00	Onsdagsmøte IMF
29. mai 10.30 - 13.00	Gudsteneste
01. juni 20.00 - 21.00	Normisjon
08. juni 19.30 - 21.00	Onsdagsmøte NLM
15. juni 19.30 - 21.00	Onsdagsmøte NMS
19. juni 10.30 - 13.00	Gudsteneste



## FRELSER ARMEEN

Faste møter:

Søndag kl.10.30 Bønn

Søndag kl.11.00 Møte og søndagskole

Andre søndagen hver måned er det Familietime kl.11.00  
Hver tirsdag kl.19.00 Hjemforbundet, møte for kvinner.  
Siste mandag i måneden kl.19.00 Hjelpeforening  
Annenhver fredag er det FABU-klubb kl.17.30, for skoleunger.  
"Over de 60" kl. 14.30 den siste torsdagen i måneden  
Øvelse i Fellesmusikken er annenhver mandag. Nye og gamle sangere velkommen.  
Bønnemøter kl.19.30 annenhver onsdag  
Søndag 17.april Palmesøndag kl.19.00 Kjærlighetsmåltid  
Langfredag kl.11.00 Fellesmøte i Misjonskirken  
2.Påskedag kl.19.00 Påskefest

## Shalomtur til Israel og dei palestinske områda

**6. oktober – 15. oktober 2011**

Reiseleiarar:  
**Inger Bakke Berge og Arne Berge**

Ta gjerne kontakt med  
reiseleiarane  
tlf. 91 51 77 53 eller 40 40 56 85



Postboks 723, 4666 Kristiansand  
Tlf: 38 12 56 60 Fax: 38 12 56 61  
post@fokusreiser.no  
www.fokusreiser.no

Me inviterer på ny til haustferie i Israel og dei palestinske områda. Turen fokuserer på nytestamentlege stader og på Israelsmisjonen sitt arbeid i Tel Aviv og i Jerusalem. Me skal sjølvstekt besøkje Immanuelkyrkja som er Bryne kyrkjelyd sitt misjonsprosjekt i Tel Aviv. Me skal også sjå Caspari Center sine nye lokale i Jerusalem. Dessutan får me oppleva mykje spennande og forskjellig natur og kultur.

Det vil bli ein del nye reisemål i forhold til sist gong me arrangerte tilsvarande tur. Me meiner denne turen vil vera interessant både for dei som reiser til Israel og dei palestinske områda for første gong, og dei som har vore der før. Me har kontakt både med den messianske bevegelsen i Israel og med kristne palestinarar under turen.

Dei jødiske høgtidene kjem tett i tett om hausten. Me vil vera i Jerusalem under Yom Kippur og i Galilea under Lauvhyttfesten. Dette vil vera med å berika turen, for begge desse festane har ein bodskap som har noko å seia oss som kristne.

Me håper på å få god deltaking på turen også denne gongen. Turen er open for alle. Den er ikkje avgrensa til Bryne kyrkjelyd. Påmelding skjer direkte til Sabra Fokus Reiser i Kristiansand.

Velkomen på tur! Me håper du blir med!


Helsing  
Inger Bakke Berge (tlf 91 51 77 53) og Arne Berge (tlf 40 40 56 85)  
Epost: inger.bakke.berge@gmail.com eller berge.arne@gmail.com

Annonse

Korleis har du det...  
**EIGENTLEG?**

Krisetelefon 815 33 300  
SOS-Melding: www.kirkens-sos.no

**Kirkens SOS**  
EIT MENNESKE Å SNAKKE MED  
NÅR LIVET ER SOM VERST



Ravinala Reiser yter litt ekstra. Vi tilbyr deg noe i tillegg til strender, sol og safari. Det er din tur, og det du opplever skal være ekte. Erfaringen vår er at de største opplevelsene ofte finnes utenfor turistløypa.

## HØSTTUR TIL KINA OG HONGKONG

Vi vil besøke både Kina og Hongkong, og på denne turen kommer høydepunktene på rekke og rad. Lokalkjente reiseføret vil ta deg nærmere landet og kulturen.

**30. september til 14. oktober**

Pris: 21.500,- + flyskatter  
Reiseføret: Jofrid Vigre Braadland og Einar Braadland  
www.ravinala.no/kina



**Ravinala**  
reiser med mening

Annonse

Eit gamalt skriv Torunn Tunheim har arva. Det er skrive av Peder Hansson Aanestad fødd 12.11.1866 død 01.09.1931. Han var biskop i Bjørgvin. (Frå gamla Timeboka side 144)

## TIL KYRKJA

Kvar sundag ljomar klokkeklangen fraa kyrkja ut yver bygd og by.

Kom, kom til Guds hus. Kom med sorg og sut og legg det fraa deg. Kom med gleder og takk for Guds velgjerningar. Syng og bed saman med brøder og systrar. Høyr Guds ord som talar til deg. Ver med kring nattverdbordet.

Mange folk hev fylgt ropet og kome til kyrkja. Sume stader meir fyrr enn no. Baatlag paa baatlag rodde yver fjordar og vikar, det krudde paa vegarne av folk som gjekk og køyrde, og i byarne saag ein fullt av folk med salmebøker i henderne. Dei skulde til kyrkja alle.

Ja, men dei kom ikkje berre for gudsordet. Det kann vera sant nok. Mykje anna drog med. Kyrkja var møtestaden der folk kunde raakast og spyrja nytt.

Men var det so gale at folk møttest der som Guds ord var aa høyra? I tempelfyregarden i Jerusalem møttest folk av mange grunnar, men just der kom og Jesus naar han vilde forkynna livsens ord. Daa gjekk det visst ofte som med den mannen Jesus fortalde um, han fann den løynde skatten i aakeren, han fann det ævelege livet.

No er ikkje kyrkja lenger den einaste møtestaden. Ho hev fenge so mange medtevarar. No stend folk og heng paa bryggjor og jarnvegsstationar og glaaper paa ferdafolket. Eller dei sit heime med ein avislapp i handi, eller byfolket nyttar sundagen til utferder i mark og skog.

Skal kyrkja no draga til seg, maa ho draga meir med aandeleg magt. Det kann vera godt paa ein maate, naar berre den aandelege magt fekk koma til sin rett.

At verdslege folk held seg burte fraa kyrkja skal me ikkje undrast so mykje paa. For dei verdslege hugmaal dei fyrr fann i kyrkjegonga, finn dei no lettare andre stader. Syrgjelegt er det likevel at dei held seg burte, for daa hev dei ein kans mindre til aa koma nær Gud.

Men aller syrgjelegast er det at mange kristne held seg burte fraa kyrkja, mange gonger av latskap eller likesæla eller av verdslege grunnar.

Kven skal ganga i kyrkja naar ikkje dei truande kristne gjeng?

For den kristne maa det vera sjølv sagt at sundagen og Guds ord høyrer i hop. Ein sundag utan Guds ord er ingen sundag. Sundagen er Guds gode gaava til oss. Me skal hava ein dag daa ordet kann lysa klarare enn andre dagar. Den kristne som ikkje agtar paa det, han vanvyrder Guds gaava. I den litte katekisma nemner Luther det som grunnsyndi mot det 3. bodet aa „vanvyrda preika og Guds ord“. So heiter det i grunnteksti.

Den kristne skulde bruka Guds ord kvar dag. Men det sermerkte for sundagen er at dei kristne kann samlast um ordet og sakramenti. Samling um ord og sakrament og til sams bøn og song, det hev alltid vore ei livsak for kristendomen. Den kristendomen som gløymmer aa søkja oppbyggjning i samling, han vil turka upp og sjukna og kanskje døy.

Samfunds-oppbyggjning skulde vera den serlege signing ved sundagen.

10 — Hognestad: Kristendom og folkely.

Aschehoug 1913

Vel kann det vera mangt i vegen som ingen kann raada fyre; sjukdom og andre hindringar kann koma paa.

Men naar ikkje slikt er i vegen, daa skulde det vera normalt for alle kristne aa fara til kyrkja um sundagen. Ein kyrkjesundag uten kyrkjegonga skulde kjennast abnorm.

I samfunds-oppbyggjning tek eg og med oppbyggjingsmøte og bibellesningar. Men dei kann ikkje avløysa kyrkjegonga, for i lengdi kann dei ikkje greida det same som kyrkja.

Difor kristne, lat oss samlast i kyrkja kvar messe-sundag. Ja sjaa til aa faa møte istand i kyrkja dei andre sundagar og.

Det er ikkje berre preika me skal samlast um. Mange agtar for lite paa bønene og salmesongen. Berre salmesongen i kyrkja tykkjer eg ofte kann vera ein rikdom som eg ikkje vilde missa for mykje. Men daa lyt du vera med og syngja, og ikkje sitja glana i veggjerne. Syng med hjarta og munn!

Men kva skal me so gjera um me fær ein rationalistisk prest som forvender Guds ord? Skal me daa ganga i kyrkja like vel? Til det vil eg svara, at det vilde nytta lite med ein demonstration mot ein slik prest naar kyrkja var tom likevel. Kva klemb vil det hava um ein segjer: Eg gjeng ikkje i kyrkja, naar han ikkje gjekk der fyrr heller?

Nei, fyrst naar kyrkja var full til vanleg, daa kann det vera magt i ein demonstration at folk vilde segja: Me gjeng ikkje til kyrkja for den presten.

Endaa betre vilde det kanskje vera um folk heldt paa med kyrkjegonga, men sa beint fram til presten: Me vil hava ei onnor forkynning, me vil hava det reine Guds ord. Fyrst naar korkje bøn eller maning hjelpte, kunde dei slutta.

Men dermed turvte dei ikkje halda seg burte fraa kyrkja. Oftast er det vel andre kyrkjer so nær at ein kunde søkja dit.

Men naar no presten lite duger? Han preikar reint nok etter Guds ord, men han hev lite magt i forkynningi. Daa lyt me hugsja at det er reint uraad aa faa storpreikarar alle stader. Og dersom me hugsar at gudstenesta er meir enn preika, vil me ganga i kyrkja likevel.

Presten vert ikkje likare til aa preika um han maa preika for tome benkjer. Men det kunde heller vera von um at han vart likare, um kyrkja var fullsett av folk som visste kva det vilde segja aa høyra Guds ord, og folk som kunde beda ned velsigning yver preikar og forkynning. Tenk for ei oppkveiking for presten aa sjaa dei livande kristne i bygdi kvar sundag paa sin visse plass i kyrkja. Og kven er nærare til aa gjeva presten oppkveiking enn dei kristne?

No vert det elles raad for andre enn presten til aa tala ved gudstenestorne. Dette fær dei kristne nytta ut til aa samlast um gudstenesta so rik forkynning som raad er.

Gudstenesta sundag fyremiddag skulde verta som ei høgtidsstemna um Guds ord, der all den aandelege rikdom i sokni fekk sitt brennpunkt.

I gamle dagar sleit folk og rodde til kyrkja. No hev dei fenge motorbaatar. Daa maatte det lata seg gjera at grannar slo seg ihop um ein motorbaat og for med den til kyrkja. Det skulde daa vera lettare enn fyrr. So burde me og byggja meir smaakyrkjer kring i grenderne, so folk fekk nærare kyrkjeveg. Mange bedehus kunde faa kyrkjevigsla.

Mange av oss lengter etter meir sjølvstyre for kyrkje-samfundet. Skal me kristne faa den fulle rett til slikt styre, so maa me læra aa bruka kyrkjuhuset med det aandelege liv som kann samlast der alt no.

Difor, kristne brøder og systrar! naar klokkerne kallar, so kom, kom, til kyrkja, til kyrkja!

### 17. april i Kenya

Kamilla Salmelid

### 30. april kl 12.00 i Bryne kyrkje

Stina Bø

Aron Espeland

Kjartan Gjerde

Thomas Haugland

Sondre Gjengedal Horpestad

Geir Inge Håland

Berit Helle Jonsbråten

Solveig Helle Jonsbråten

Silje Kleppe

Even Krogedal

Silje Alice Sannarnes Kvitvær

Ane Nygård Magnussen

Bjørnar Moi

Åselin Pollestad

Hans Undheim

### 1. mai kl 11.00 i Undheim kapell

Martin Bø

Alf-Håkon Dagestad Gya

Hanna Aleksandra Landa

Espen Reinertsen

Espen Rosland Risa

Gina Salte Risa

Jonas Skårland

Kjetil Taksdal

Elise Tjemsland

Stian Sikveland

Ørjan Undheim

### 8. mai kl 10.30 i Bryne kyrkje

Amalie Kristiansen Aske

Marte Bergene

Morten Fjeldstad

Asbjørn Grødeland

Lene Hovland Halvorsen

Thea Eveline Lygren Haugstad

Biniam Jiimaa

Daniel Hagen Johnsen

Malene Leirvik Larsen

Thomas Fløystøl Liene

Mari Madland

Jarl Henning Engedal Nilsen

Astrid Hauge Paulsen

Jens Kåre Reime

Ruben Serigstad

Geir-Kåre Taksdal

Ole Garborg Time

Truls Sælevik Vagle

Xia Helene Sundgot Åmodt

### 8. mai kl 12.30 i Bryne kyrkje

Ann Kristin Brattetveit

Mads Wathne Brueland

Amalie Daltveit

Andreas Herigstad

Agnes Høie Hølen

Martin Reime Horpestad

Amalie Obrestad Hovland

Gabrielle Braut Håland

Bjørn Richard Salomonsen

Sindre Bekkeheien Skjørshammer

Petter Sletten Solli

Vilde Tengesdal

Katrine Jakobsen Torvund

Nora Undheim

Jan Inge Vingen

Trym Vaaland

Kenneth Ueland Ånestad

### 15. mai kl 10.30 i Time kyrkje

Andreas Amdahl

Anne Grete Apeland

Ingrid Bjelland

Bjørnar Grødem

Målfrid Grødem

Marta Harestad

Ingvild Hjørnevik

Kirstin Julfelt

Lasse Livastøl

Rasmus Madsen

Tormod Nedrebø

Henrik Serigstad

Anders Skrudland

Sondre Taraldsvik

Astrid Tunheim

Ola Undheim

### 15. mai kl 12.30 i Time kyrkje

Tonje Karlsen Auestad

Ane Eikrem Fiskaa

Sondre Høyekvam Grande

Ann-Helen Hegre

Åshild Hetland

Marie Kjosavik

Amalie Eriksen Pritchard-Davies

Magnus Risa

Theresa Serigstad

Susann Underhaug

Charlotte Csiszar Vestly

Marion Skretting Vignes

Julie Elise Aarsland Øgreid

### 4. september kl 11.00 i Bryne kyrkje

Camilla Brekken

Tonje Bondhus

Emile Bøgelund

Fredrik Torgersen Fløysvik

Rebecca Marie Gusevik

Erik André Hagman

Ragnhild Aanestad Hanevik

Maria Hetland Haavik

Eline Røise Lygren

Vilde Lund Mathisen

Sara Oftedal

Tilla Salamonsen Rimestad

Glenn Even Aga Salte

Maja Siqveland

Gerd Åshild Ueland

Jolaug Undheim

Tobias Dalseid Veggeberg

Tollef Dalseid Veggeberg

Tor Jostein Aase

## Trafikalt grunnkurs

# Bryne Bil & MC Skole

Erlandsbakken 4, 4340 Bryne, Tlf. 51 48 25 10

Trykksaker

952 99 844



<p><b>Varmepumper</b> ACsenteret gir deg gratis befaring, stort utvalg og god service www.acsenteret.no Breivrya 14, Bryne/Håland Tlf: 51 77 78 70</p> <p>Gratis befaring? SMS med AC til 1963</p> 	<p>Hus for norske forhold</p> 	
<p><b>Jærsol as</b></p> <p>Innvendige persiener Utvendige persiener Lamellgardin Rullegardin Plisségardin Screenduk Markiser Terrassemarkiser Gratis måltaking!</p> <p>Bjørkeveien 6 4340 Bryne. Tlf. 473 59 935 E-post: per.hareland@lyse.net</p>	<p><b>SAGAbO</b> HUS FOR NORSKE FORHOLD</p> <p>Jernbanegaten 9, 4340 Bryne tlf. 51 77 19 60 www.sagabo.no</p>	
<p><b>STEINSLAND &amp; CO</b></p> 	<p><b>coop prix</b></p> <p>Coop Prix Lye • 51 48 81 74</p>	<p>FAGBUTIKKEN MED SERVICE</p> <p>MALING BELEGG TEPPER TAPETER</p> <p>GRUPPETEPPER LOPERE SOLSKJERMING</p> <p>Åpent: 9-18 (14)</p> <p><b>FARGERIKE ROSLAND</b></p> <p>KÅSEN • BRYNE • TLF. 51 42 60 15</p>
<p><b>SpareBank 1 SR-BANK</b></p>	<p><b>EL-TEAM</b> Elektroentreprenør</p> <p>Morenefare 5, Bryne, Tlf. 51 48 67 40 E-post: dr@el-team.net, Internett: www.el-team.net</p>	 <p><b>JÆREN HOTELL</b></p>
<p><b>EiendomsMegler 1 JÆRMEGLEREN</b></p>	<p><b>TIME SPAREBANK</b> - for Jæren</p>	<p><b>JÆREN HOTELL</b></p>
<p><b>WACO</b> Forsikringsmegling as</p>	<p>Selge bolig på Jæren?</p> <p>Ring tlf. 51 77 80 00 www.terra.no</p> <p><b>TERRA</b> EIENDOMSMEGLING</p>	<p><b>B&amp;M Bok&amp;Media</b></p> <p>Alt i bøker, musikk, rekvisita, kort og hobby i Storgata 26</p>
<p>Vil du gi en gave til Normisjon?</p> <p><b>Kontonr: 1503.02.13537</b></p> <p>Husk å øremerke gaven hvis du vil den skal gå til noe spesielt.</p> <p><b>www.normisjon.no</b></p>	<p><b>[tsjili]</b></p> <p>Få Norges største misjonsblad gratis i postkassen. Send e-post til tsjili@misjonsalliansen.no eller ring 22 94 26 00.</p>	<p>Noen blader holder deg oppe ...</p> <p>Tilbud på Misjonstidende: Første året kun kr 190,- (Full pris kr 380,-) Send navn og adresse til: 40 40 60 26</p> <p><b>misjonstidende</b></p>

<p><b>Kare Lende as</b></p> <p>Jærvegen 142, Bryne • www.kare-lende.no Tlf. 51 77 00 90 • Mob. 932 56 450</p>	<p>Minst av de største <b>JE TRANSPORT</b> Minst av de største <b>JE PÅLLEN</b> Minst av de minste</p> <p><b>Jarle Elde transport</b> Tlf.: 51 22 08 61 • Mob.: 959 80 500</p>	<p><b>Sjekk Punkt</b> BILVERKSTED</p> <p>www.sjekkpunkt.no 4000 6447 <b>LYE BIL AS</b></p>
<p><b>Aanes Ad Maskin</b> 900 59 966 www.aanesadmashin.no</p> <p>Graving - Løing - Masseflytting</p>	<p>VI ORDNER ALT I SPEIL, GLASS OG BILGLASS</p> <p><b>ek Glassmesterforretning</b> Einar Knutsen as Postboks 149, 4349 Bryne TLF. 51 48 02 11. DØGNSERVICE 971 78 180</p>	<p><b>MØBELRINGEN</b></p> <p>I. Bjørnsen A/S Jærv. 250, 4340 Bryne - 51 78 50 20</p>
<p>BYGG MESTER <b>JENS GERLACH SØRENSEN A-S</b> Tlf. 51 48 28 83</p>	<p><b>TEAM BYGG</b></p>	<p><b>HELLVIK HUS</b> Bygg med glede! www.hellvikhus.no</p>
<p>MURMESTER HESKJE AS Hålandsveien 24, P.b. 270 4340 BRYNE Tlf 51 77 19 80 Fax 51 77 19 81</p>	<p><b>Koinonia</b> KOINONIA BOK OG MUSIKK</p> <p>Motehuset Bryne Torg Storgata 10-12 - 4340 BRYNE Tlf. 51486520</p>	<p><b>Kverneland Bil</b> Vi tar ansvar!</p> <p>Eskervegen 7, 4340 Bryne tlf. 51 77 82 82</p>
<p>Undheim Handelslag</p>  <p>3% 4% 5% 6% 7%</p> <p>fra kr 1.400,- til kr 2.999,- fra kr 3.000,- til kr 4.499,- fra kr 4.500,- til kr 5.999,- fra kr 6.000,- og oppover</p>	<p><b>Håland Kjøtt</b> KVALITET OG KUNNSKAP</p> <p>Kleppe Tlf: 51 78 69 50 Bryne Tlf: 51 48 16 33 Sandnes Tlf: 51 67 30 50</p>	<p><b>Johansen Elektriske as</b> Postboks 510 - 4349 Bryne Tlf: 51 48 01 01</p>
<p><b>Laurits Aarsland</b> Tannlege Tlf. 51 48 28 93</p>	<p><i>Ditt lokale trykkeri</i></p> <p>952 99 844</p> <p><b>JÆRPRINT</b> TRYKKERI &amp; DESIGN</p>	
<p><b>BLI FADDER!</b></p> <p>www.misjonsalliansen.no 22 94 26 00 misjonsalliansen</p>	<p>Det er lov å bry seg!</p> <p>Som telefonvakt hos Kirkens SOS kan du bidra til at andre får det bedre, samtidig som du får perspektiv på livet.</p> <p>Kirkens SOS trenger flere telefonvakter! Vi søker kvinner og menn over 20 år som selv ikke er i en aktiv krise, har tid til å bry seg og lyst til å utvikle seg. Innføringskurs for frivillige telefonvakter starter onsdag 22. september 2010. Kurs: dag 10-13 eller kveld 19-22. Kontakt Kirkens SOS i Rogaland 51 88 45 15 / 971 70 995 e-post: rogaland@kirkens-sos.no www.kirkens-sos.no</p> <p><b>Kirkens SOS</b> i Rogaland</p> <p>Vi er her. Alltid.</p>	<p><b>Den Norske Israelsmisjon</b></p> <p>Sjekk ut vår nye nettside!</p> <p><b>www.israelsmisjonen.no</b></p>



**DØYPTE**

**BRYNE KYRKJE**

**16.01.11:** Marcus Wiig Bangsmoen, Mille Wiig Bangsmoen, Leif Trygve Omland, Lars André Wiig  
**06.02.11:** Olve Tunheim Øgaard, Ida Vold, Robin Kvalvik Taksdal, Lukas Endresen Veivåg  
**06.03.11:** Emil Hobberstad Heskje, Magnus Strandskog, Nore Fuglestad Friestad

**TIME KYRKJE**

**16.01.11:** Håkon Emil Thue Kristiansen, Kornelius Hauge, Markus Tjensvoll-Vatland, Mathilde Aasgård  
**13.02.11:** Rasmus Reime, Kristian Bratland Tuasuun, Vetle Borsheim Lothe, Maren Dirdal Danielsen, Emma Braut, Elen Holtet, Henrik Pedersen Schmidt  
**27.02.11:** Kirstin Julfelt, Christoffer Helgeland  
**13.03.11:** Christoffer Olsen, Elina Espeland Bryne, Noah Kamov, Mali Østebrod Sjøgren, Ida Bue, Amalie Vatland Bue

**LYE FORSAMLINGSHUS**

**06.03.11:** Sigurd Sivertsen Lothe, Lisa Liamø Hisken

**UNDHEIM KAPELL**

**23.01.11:** Sven Tjåland, Marie Risa  
**06.03.11:** Marcus Undheim, Tilla Undheim Seitzberg

**BORN FRÅ TIME DØYPT ANDRE STADER**

**06.02.11:** Sivert Lyngra Gjelvik, Klepp kyrkje



**VIGDE**

**22.01.11:** Hanne Jorunn Egeland og Lars Mørk-Lorenzen  
**29.01.11:** Liv-Anne Otto og Bård Birkeland



**DØDE**

Aud Mossige, Klara Serigstad, Hanna Lovise Hadland, Mildrid Sørheim, Hanna Kristina Fotland, Ivan Andersen, Gunvor Stangeland, Petra Wergeland, Lars Tjelmeland, Anna Søyland, Karsten Rosland, Olga Marie Hognestad, Marta Grønsund, Magnhild Marie Hølen, Birgit Salte, Gerd Solveig Serigstad, Nicolai Tjessem Christmas, Leidulf Gausel

*Vegen tilbake til Gud*

*"For så elska Gud verda at han gav Sonen sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv!". Joh. 3,16*

**Bøn:** Jesus, du veit om mine feil og nederlag. Eg trur at du er Guds son som døydde på krossen. Slik vart ditt blod gjeve for syndene mine. Kom inn i hjarta mitt og livet mitt og gjer meg til eit Guds barn. Eg tek imot deg akkurat nå som min Herre og Frelsar. Eg tek imot di tilgjeving for syndene mine. I Jesu namn. Amen.



**Bryne Begravelsesbyrå**

Tlf.: 51 77 80 80

Vi ønsker å bidra til en verdig gravferd  
 www.brynebyrå.no  
 Reeveien 34, 4340 Bryne  
 Døgnvakt



**KROGEDAL**  
 begravelsesbyrå

**DØGNVAKT**  
 51972900

Våre medarbeidere på Jæren  
 Runar Apeland, Borgny Å. Skretting  
 Brikt Goa og Oddbjørn Folde  
 Kontor: Bryne og Sandnes

**STEINAVDELING**  
 GRAYMONUMENT  
 PLATER  
 Ny hjemmeside:  
 www.krogedal.no

*Gjevarteneste*

Barne- og ungdomsarbeid i Bryne,

kto.nr. 3325.25.07057

"Vi gjev" - diakonalt arbeid i Time

kto.nr. 3325.21.30859

Kyrkjelydsarbeidet / Gjevarteneste

ungdomsarbeidar, Undheim

kto.nr. 3325.21.55657

Undheim kapell - gåver

kto.nr. 3325 25 08959

Frøyland-Orstad kyrkjelyd,

kto.nr. 3290.60.44179

Kyrkjebygg Frøyland-Orstad

kto.nr.3325.25.09270

Ungdomsarbeidar på Lye

kto.nr. 3325.25.04260

Stikk innom vår heimeside

<http://www.time-kyrkja.no>

**NMS Gjenbruk på Bryne**



Saronsbrotet 3, 4340 Bryne

Tlf. 951 06 028

**Opningstider:**

mandag/fredag kl. 10.00 - 17.00

lørdag kl. 11.00 - 15.00



*Velkommen med varer av mange slag - eller til ein god handel!*

**Fleire og fleire kjem til Gjenbruksbutikken i Saronsbrotet**



**Velkomen til gudsteneste**

*God påske*



**Sundag 3. april**  
 Bryne kyrkje kl. 11.00  
 Lye forsamlingshus kl. 10.30  
 Undheim kapell kl. 18.30

**Sundag 10. april**  
 Bryne kyrkje kl. 11.00  
 Bryne kyrkje kl. 18.00

Time kyrkje kl. 11.00

**Palmesundag 17. april**  
 Bryne kyrkje kl.11.00  
 Lye forsamlingshus kl. 10.30  
 Time kyrkje kl. 11.00

Undheim kapell kl. 10.30

**Skjærtorsdag 21. april**  
 Bryne kyrkje kl. 19.00  
 Undheim kapell kl. 19.00

**Joh. 6, 1 – 15**  
 Gudsteneste. Nattverd. Jungelgjeng  
 Familiegudsteneste. Dåpsskolen deltek  
 Gudsteneste. Konfirmantane deltek

**Joh. 11, 45 – 53**  
 Familiegudsteneste. Dåp. Dåpsskolen deltek  
 Sundagstreff. Arrangementet er tilrettelagt for menneske med utviklingshemming  
 Gudsteneste. Dåp.  
 Påskespel med Hognestad skule.

**Joh. 12, 1 – 13**  
 Gudsteneste. Dåp. Jungelgjeng  
 Familiegudsteneste. Dåp. Nattverd  
 Familiegudsteneste. Dåp.  
 Fotland søndagsskule deltek.  
 Familiegudsteneste. Dåp. Dåpsskolen deltek.

**Luk. 22, 14 – 20**  
 Kveldsgudsteneste. Nattverd  
 Kveldsgudsteneste. Nattverd



# Velkommen til gudsteneste

## Skyss til gudsteneſta

**BRYNE KYRKJE:**  
Sverre M. Lima  
51 48 21 33

Jonas Frøyland  
41 30 04 68

Gabriel Tengsareid  
51 48 28 98

Ring før kl. 10.00

## TIME KYRKJE:

Frode G. Fotland  
51 48 71 11  
90 74 84 03

Dorteſa Haugland  
51 48 70 04

Ring før kl. 09.30



## Sjå også førre ſide

### Langfredag 22. april

Time kyrkje kl. 11.00

### Påſkenatt 23. april

Time kyrkje kl. 23.00

### Påſkedag 24. april

Bryne kyrkje kl. 11.00  
Time kyrkje kl. 11.00  
Undheim kapell kl. 10.30

### Laurdag 30. april

Bryne kyrkje kl. 12.00

### Sundag 1. mai

Bryne kyrkje kl. 11.00  
Lye forſamlingshus kl. 10.30  
Rosseland skule kl. 11.00  
Undheim kapell kl. 10.30

### Sundag 8. mai

Bryne kyrkje kl. 10.30  
Bryne kyrkje kl. 12.30  
Time kyrkje kl. 11.00

### Sundag 15. mai

Bryne kyrkje kl. 11.00  
Time kyrkje kl. 10.30  
Time kyrkje kl. 12.30

### Grunnlovsdagen 17. mai

Bryne kyrkje kl. 08.30  
Time kyrkje kl. 10.30  
Lye forſamlingshus kl. 09.45  
Undheim kapell kl. 11.00

### Sundag 22. mai

Bryne kyrkje kl. 19.00  
Time kyrkje kl. 11.00

### Sundag 29. mai

Jærdagssenen kl. 11.00  
kyrkjelydar i Time

### Kristi Himmelfartsdag

Bryne kyrkje 2. juni kl. 11.00

### Sundag 5. juni

Bryne kyrkje kl. 11.00  
Time kyrkje kl. 11.00

### Pinsedag 12. juni

Bryne kyrkje kl. 11.00  
Time kyrkje kl. 11.00  
Undheim kapell kl. 10.30



### Luk. 22, 29 – 23,46

Pasjonsgudsteneste

### Mark. 16, 1 – 18

Påſkenattsgudsteneste. Nattverd

### Matt. 28, 1 – 8

Høgtidsgudsteneste. Dåp. Jungelgjeng  
Høgtidsgudsteneste. Dåp. Løvegjeng  
Familiegudsteneste. Dåp

Gudsteneste med konfirmasjon

### Joh. 20, 19 – 31

Kveldsgudsteneste. Tomasmesse. Nattverd  
Gudsteneste. Dåp. Sundagsskule  
Familiegudsteneste. 4 års bok  
Gudsteneste med konfirmasjon

### Joh. 10, 11 – 16

Gudsteneste med konfirmasjon  
Gudsteneste med konfirmasjon  
Gudsteneste. Nattverd  
Sundagsskule

### Joh. 16, 16-22

Familiegudsteneste. Dåp. 4 års bok  
Gudsteneste med konfirmasjon  
Gudsteneste med konfirmasjon

### Luk. 1, 50 – 53

Morgonsong. Bøn for folk og land  
Familiegudsteneste  
Gudsteneste  
Familiegudsteneste

### Joh. 16, 5 – 15

Kveldsgudsteneste. Nattverd  
Gudsteneste. Dåp. Løvegjeng  
Etterpå vert det kulturvandring langs Prestvegen

### Ef. 3, 14 – 21

Fellesgudsteneste for alle kyrkjesamfunn og

### Luk. 14, 46 – 53

Gudsteneste. Nattverd

### Joh. 15, 26 – 16

Gudsteneste. Dåp  
Gudsteneste. Nattverd  
Løvegjeng

### Apg. 2, 1 – 11

Høgtidsgudsteneste. Nattverd. Jungelgjeng  
Høgtidsgudsteneste. Dåp. Løvegjeng  
Kyrkjelydstur til Brekkå

